



Møtedeltakarane

Vår ref.:
00/00000
96/007106

Arkiv:
033 &17

Dato:
05.09.96

Året 1996 den 27. august hadde styret for Gyro og Knut Hovdens legat møte i Valle rådhus.

Desse møtte: Olav Skreland - Bygland
 Steinar Kyrvestad - Valle
 Olav Mosdøl - Bykle

Sak 1. Oritering om legatet og reglane for dette v/Olav Mosdøl.

Sak 2. Storleik på stipend

Renteinntekter for 1995 var totalt kr. 3.801,-.
Styret deler ut 2 stipend, kvart på kr. 1.900,-.

Sak 3. Tolking av legatreglane

Styret vedtek å praktisere reglane i samsvar med Knut Austad si tolking, sjå referat frå 1981, sak 1.


Denne praksis vart gjennomført t.o.m. 1984. F.o.m. 1985 vart denne endra (utan grunngjeving) til at loddtrekking berre skjedde mellom slektningar som ikkje hadde fått året før. Praksisen galdt t.o.m. 1993. For 1994 og 1995 vart og slektningar som fekk stipend året før med på trekkinga. I perioden 1985 - 1995 var det altså uaktuelt å tildele stipend til søkjar som ikkje var i slekt med Knut og Gyro Hovden.

F.o.m. 1996 vil styret bruke retningslinene frå før 1985:

1. 2 stipend pr. år (i samsvar med testamentet pkt. 2).
2. Slektningar inntil 3. ledd har førsterett såframt dei ikkje har fått stipend tidlegare. Styret definerer 3. ledd i samsvar med skisse under pkt. 6.

Prioritering: 1. linje etter sysken
2. linje etter syskenbarn
3. o.s.v.

3. Søkjarar som har fått stipend tidlegare er med i loddtrekking på lik line med andre søkjarar, etter at tildeling etter pkt. 2 er ferdig.
4. Tildelinga gjeld for føregående skuleår d.v.s. tildeling i 1996 gjeld for skuleåret 95/96. Krav til skulegong i perioden, minimum 1/2 år.
5. Tildelinga bør skje i mai.
- 6.



Sak 4. Tildeling av stipend 1995/96

Totalt 10 søkjarar, av desse har 6 fortrinnsrett etter slektskap.

I samsvar med retningslinene under sak 3., vert fylgjande tildelt stipend på kr. 1.900,-:

- 1) Grethe Mosdøl, 4694 BYKLE
- 2) Brit Haugland, Sinsenvn. 68A, 0586 OSLO

Sak 5. Eventuelt

Annonseutgiftene vert dekkja av skulestyret i
rekkefylgje: Valle
Bygland
Bykle

Bykle betalte i 1996.

Møtet slutt.

Bykle, 04.09. 1996

Olav Mosdøl
Olav Mosdøl

Olav Skreland
sign.

Steinar Kyrvestad
sign.

T E S T A M E N T

Undertegnede enkemann Knut Hovden, f. 23.10.1888, adr.: Ose i Setesdal, som ikke har livsarvinger og som sitter med boet uskiftet i henhold til gjensidig testament, bestemmer herved som min siste vilje at kr. 80.000,- - kroneråttitusen - skal danne GYRO OG KNUH HOVDENS LEGAT, der rentene skal deles ut årlig til skoleungdom i Bykle, Valle og Bygland kommuner.

1. Kapitalen skal stå urørt i Bygland Sparebank.
2. Det skal utdeles 2 stipend hvert år.
3. Gyro og Knut Hovdens slektninger skal ha første-
retten til stipendene.
4. Legatstyret skal være de 3 skolestyreformann i Bykle, Valle og Bygland kommuner, Med formannen i Bykle skulestyre som formann i legatstyret.
5. Legatstyre bestemmer om stipendene skal utdeles bare ett år eller flere år på rad.

Ose i Setesdal, den 27/3 - 1972.

Knut Hovden

Knut Hovden

Vi bevitner herved at foranstående siste viljeserklæring er underskrevet av Knut Hovden personlig i overvær av oss. Likeså bevitner vi at det er etter testatorens ønske og i hans overvær at vi har underskrevet nærværende påtegning på dokumentet.

Ose i Setesdal, den 27/3 - 1972.

Torkjel Langerak

Torkjel Langerak

Aslak Austad

Aslak Austad